
Vår referanse 2020/42380-3
Dato 19.03.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Frådeling - Fv. 57 - Gnr 126 bnr 5 - Hope - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 20.02.2020. Saka gjeld uttale til søknad om frådeling av våningshus på gnr. 126 bnr. 5 i Alver kommune.

Det er søkt om dispensasjon til frådeling av våningshus på gnr 126 bnr 5 på Hope i Alver kommune. Det er opplyst at landbrukseigedomen er omfatta av fleire bnr. og at omsøkte bnr. vart kjøpt opp og tillagt landbrukseigedomen i 1985. Landbrukseigedomen er delt av fv. 57.

Det er eit krav at avkjørsle frå offentleg veg skal vere godkjent av vedkommande myndigheit før kommunen gjev løyve til frådeling. Det må sikrast at både bustadeigedomen og restparsell har godkjent løyve. Vi har ikkje vore på synfaring i denne konkrete saka og kan ikkje uttale oss om avkjørsla har tilfredsstillande utforming.

Kommunen må vurdere relevante forhold til tema som trygg skuleveg, tilkomst til kollektiv med meir før det vert gjeve løyve til frådeling. Vi meiner det ikkje bør gjevast løyve til frådeling av større tomt enn det som er vanleg for ein bustadtomt.

Vi minner om at det pågåande planarbeid for fv. 57, og at avkjørsleforholda for denne eigedomen på sikt kan verte endra.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskreven underskrift